

Helge Gundersen
Haukedalsbotn 105
5119 Ulset

Ulset 8.12.2020

Alver kommune
Byggesak

Søknad om etablering av tilbygg til hytte på gbnr 422/33 i Alver kommune.

Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen

Og søknad om dispensasjon frå det generelle byggeforbodet i strandsona


Då tiltaket ikkje er i samsvar med arealføremålet LNF i kommunedelplanen og det generelle byggeforbodet i strandsona slik det går fram av plan- og bygningslova § 1-8 søker eg om dispensasjon for begge desse forhold.

Eg legg ved søknaden kart der ytre hovudmål på tiltaket og avstand til nabogrense er påført og plan-, snitt- og fasadeteikningar av tiltaket. Foto ligg ved med eit bilete som viser dagens situasjon.

Tiltaket inneber ingen endring i BYA, og når det gjeld BRA, vert det berre ei endring frå BRA overbygd areal, til eit areal som er omslutta av veggjar, og er oppvarma. Ingen endring i takkonstruksjonen. Dette er vist på teikningar som ligg ved. Eg vonar difor at søknaden om dispensasjon i begge høva vert innvilga.

Viser til hyggeleg dialog med rådgjevar Anne Lise Molvik

Med venleg helsing



Helge Gundersen